



Jan Otto Andvik  
Eknes 53  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/3483 - 19/467

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
08.01.2019

## Løyve til oppføring av tilbygg til driftsbygning - gbnr 238/2 Eknes indre

### Administrativt vedtak. Saknr: 013/19

**Tiltakshavar:** Jan Otto Andvik  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg med bygd areal (BYA) ca. 81 m<sup>2</sup>. Det er søkt om tilbygg til driftsbygning for landbruk. Det går fram av søknad at tilbygg skal nyttast til redskapshus og tørking av ved.

Det vert elles vist til søknad motteken 14.11.2018.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF.

### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

### Uttale frå landbrukskontoret

Tilbygg ligg innafor LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel. I desse områda er det kun opna opp for tiltak i samsvar med landbruk-, natur-, og friluftsføremåla. Saka har vore til uttale hos landbrukskontoret for stadfesting om dette er ei landbrukseigedom i drift og om tiltaket er i samsvar med landbruksføremålet.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 14.11.2018. På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 25 meter. Tiltaket er ikkje i konflikt med avstandskrav til offentleg veg. Tiltaket er plassert om lag 5 meter frå privat veg.



### **Vatn og avløp (VA)**

Det er ikkje søkt om endring av vatn- og avlaupshandteringa på eigedomen.

### **Tilkomst, avkøyrsløp og parkering**

Det er ikkje søkt om endringar av tilkomst og parkeringsløyving på eigedomen.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve for oppføring av tilbygg til driftsbygning for landbruket på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 14.11.2018 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og innmålingsdata sendt kommunen.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/3483**

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

**Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakar:**

Jan Otto Andvik

Eknes 53

5993

OSTEREIDET